

1 Til: LAS
2 Fra: prinsippprogramkomiteen
3 16. februar 2018

4

5 NATURVERNFORBUNDETS 6 PRINSIPPROGRAM

7

8 *Prinsippprogrammet gjev ei oversikt over Naturvernforbundet sitt grunnsyn, korleis*
9 *organisasjonen arbeider, og kva som er våre langsiktige politiske krav.*

10

11 1 Kva vi vil oppnå

12

13 Naturvernforbundet arbeider for eit samfunn som er godt å leve i for alle, og som kan bestå
14 over tid. I eit slikt samfunn blir naturen forvalta på ein måte som sikrar vårt felles livsmiljø,
15 og all menneskeleg aktivitet skjer i balanse med naturen og miljøet.

16

17 Livsformene i naturen er verdifulle i seg sjølv, samtidig som menneska er avhengige av dei. Å
18 ta vare på rikdomen av livsformer og økosystem er naudsynt for å sikre livskrafta og
19 produktiviteten i naturen. Vi menneske kan ikkje halda fram med å utrydde artar på jorda
20 eller øydelegge det livsmiljøet artane treng for å leve.

21

22 Mennesket er ein del av naturen. Vi lever av dei allsidige goda i naturen og har ansvaret for å
23 sikre ei økologisk, sosial og økonomisk utvikling som tar omsyn til både nolevande og
24 framtidige generasjonar sine behov. Det betyr at:

25

- Vi må ta vare på mangfaldet i naturen.

26

- Fornybare ressursar må takast ut på ein slik måte at ressursane kan fornye seg.

27

- Ressursar som finst i avgrensa mengder, må vi bruke med stor varsemnd.

28

- Vi kan berre sleppe ut stoff som krinslaupt i naturen kan bryte ned innanfor naturen
29 si bereevne.

30

31 Menneskeleg forbruk av energi og naturressursar kan ikkje vere høgare enn at det let seg
32 kombinere med å halde oppe naturmangfaldet og naturen si produksjonsevne. Tekniske
33 omleggingar er ikkje nok for å oppnå dette. For at alle menneske skal ha høve til å leve gode
34 liv innanfor rammene av jordas ressursgrunnlag, må dei økonomisk rikaste redusere det
35 materielle forbruket sitt, og samfunnet kan ikkje vere avhengig av evig materiell vekst.

36

37 Å løyse globalt omfattande og alvorlege miljøproblem krev omstillingar som må drivast fram
38 med både lokal og nasjonal innsats. I ei globalisert verd krevst også globalt samarbeid og
39 internasjonale avtalar. Noreg har som eit rikt og velutvikla land både grunnlag og ansvar for



40 å vere eit føregangsland i miljøvernarbeidet. Noreg må fylgje opp sine internasjonale pliktar
41 og ta ei rolle som føredøme for å bidra til framgang i det internasjonale miljøarbeidet.

42
43

44 2 Korleis vi arbeider

45

46 **Demokratisk, landsdekkande og uavhengig**

47 Naturvernforbundet er ein demokratisk, partipolitisk nøytral medlemsorganisasjon. Folkeleg
48 engasjement gjennom lokalt naturvernarbeid er grunnlaget for arbeidet for livskraftig natur
49 og miljøgode og avgjerande for Naturvernforbundet si styrke. Medlemmane avgjer, gjennom
50 sine tillitsvalde, kva forbundet skal meine og arbeide med. Synspunkta blir utforma
51 uavhengig av økonomiske interesser, staten og andre organisasjonar. Naturvernforbundet
52 skal jobbe for å få fleire aktive lokallag over heile landet, samtidig som aktiviteten i
53 eksisterande lokal- og fylkeslag ivaretakast og fornyast. Det lokale nærværet og dei
54 tillitsvalde gjev Naturvernforbundet legitimitet og demokratisk gjennomslagskraft.
55 Organisasjonen skal søkje å reflektere eit mangfald av befolkninga og arbeide for god
56 representasjon i kjønn, geografi, sosial bakgrunn og minoritetsbakgrunn blant både
57 medlemmar, aktive og tillitsvalde. Miljøagentane og Natur og Ungdom skal vere barne- og
58 ungdomsorganisasjonane til Naturvernforbundet. Gjennom å oppretthalde og byggje nye
59 samarbeid og alliansar med andre organisasjonar og initiativ, skal Naturvernforbundet auke
60 si gjennomslagskraft og oppslutnad.

61

62 **Kunnskapsbasert opinionsdanning**

63 Naturvernforbundet treng tillit og oppslutnad for å få gjennomslag. Argumenta skal vere
64 godt oppbygde, forståelege og fagleg solide. Frivillige organisasjonar har gjennom
65 folkeopplysning spelt ei viktig rolle for demokratiseringa av Noreg. Naturvernforbundet vil
66 føre dette arbeidet vidare gjennom opinionsdannande verksemd, slik at ein lettare kan
67 innrette seg miljøvenleg, påverke andre og få folkevalde organ til å ta omsyn til naturen.

68

69 **Saksorientert arbeid med konkrete resultat**

70 Det er gjennom arbeid med mange konkrete saker over heile landet, og med stor breidde, at
71 Naturvernforbundet er med og bergar store naturverdiar, og endrar haldningane hos folk
72 flest. Ved hjelp av politisk arbeid i enkeltsaker vil Naturvernforbundet også vise kva
73 utfordringar vi står overfor i det globale miljøarbeidet.

74

75 **Naturglede**

76 Naturen er ei kjelde til glede og innsikt, som styrkar naturvernengasjementet. Naturglede er
77 ein viktig del av arbeidet til Naturvernforbundet. Vi vil at flest mogleg skal få glede seg over
78 naturverdiane vi vil ta vare på, at dei skal vere stolte over naturen dei har tilknytning til, og at
79 det enkle og nære friluftslivet blir teke vare på.

80

81 **Internasjonalt samarbeid**

82 Brei folkeleg deltaking er avgjerande for å løyse internasjonale miljøproblem, og sterke
83 nasjonale miljøorganisasjonar er viktige for å ta vare på miljøinteressene.

84 Naturvernforbundet skal samarbeide med miljøørørsler i andre land. Samarbeidslanda har
85 ofte store miljøutfordringar og også store utfordringar når det gjeld deltaking frå sivilt
86 samfunn. Naturvernforbundet er den norske medlemmen av Friends of the Earth
87 International.

88
89 Medlemskap i Regnskogsfondet er òg ein viktig del av vårt internasjonale engasjement. Det
90 internasjonale arbeidet skal bidra til å styrke lokale miljøvernorganisasjonar i dei landa vi
91 engasjerer oss i. Samstundes bidreg dette arbeidet til å styrke Naturvernforbundet sitt
92 arbeid både i Noreg og i arbeidet med internasjonale miljøavtalar.

93

94 3 Prinsipp

95

96 At folk skal kunne bidra til å drive fram løysingar på miljøproblema, krev eit samfunn der folk
97 har høve til å påverke sin eigen situasjon, har tilgang til kunnskap om kva som påverkar
98 miljøet, og kan delta aktivt i politisk arbeid. Myndigheitene har ansvar for å følgje opp,
99 kontrollere og innføre sanksjonar og tiltak overfor dei som bryt den norske natur- og
100 miljølovgjevinga. Både myndigheitene, næringsliv og befolkning har eit ansvar for å setje seg
101 inn i og følgje felles reglar.

102

103 Naturvernforbundet meiner følgjande prinsipp må ligge til grunn for all samfunnsplanlegging:

- 104 - Kunnskap: Alle private og offentlege aktørar må ha plikt til å setje seg inn i korleis
105 verksemda deira påverkar naturen. Alle handlingar må byggje på oppdatert
106 vitskapeleg og erfaringsbasert kunnskap, der miljøkonsekvensane av handlinga blir
107 vurdert i eit livsløpsperspektiv. Alle skal ha krav på informasjon om
108 miljøkonsekvensar når det gjeld både enkeltprodukt og forbruksvarer, produksjon og
109 politiske planar og vedtak.
- 110 - Føre-var-prinsippet: Dersom det er usikkert om inngrep eller utslepp vil ha skadelege
111 verknader for organismar eller økosystem, skal tvilen kome naturen til gode ved at
112 tiltaket ikkje blir gjennomført.
- 113 - Samla påkjenning: Den samla påkjenninga som naturmiljøet er eller kan bli utsett for,
114 skal vere utslagsgjevande for vedtak i einskildsaker.
- 115 - Den som påverkar, skal betale: Den som påverkar miljøet på ein negativ måte, skal
116 dekke kostnadene ved tiltak som hindrar, avgrensar eller rettar opp skadane.

117 **[Dissens 1:**

118 ***Komiteens fleirtal ønsker følgjande formulering:***

- 119 - Tenke globalt – handle lokalt: Det den einskilde gjer her i landet, må stå seg i høve til
120 andre lands interesser og mogelegheiter, og såleis kunne bidra til utvikling som kan
121 kome alle verdas menneske til gode.

122 ***Komiteens mindretal ønsker ikkje å leggje til punktet]***

123

124 Grenseoverskridande miljøproblem krev internasjonalt samarbeid og avtalar som blir
125 oppfatta som rettferdige og rimelege av alle partar. Verdas fattigaste lir i dag under

□

126 miljøproblem som i stor grad er skapt av rike land og av overforbruket til privilegerte
127 grupper. Internasjonale avtalar må fremje rettferdig fordeling av verdas ressursar og styrke
128 tilgangen til demokratisk påverknad. For å oppnå dette må FN styrkast. Omsyn til miljø og
129 rettferdig fordeling av ressursar må telje meir enn mål om økonomisk vekst og auka
130 frihandel.

131

132 Naturvernforbundet støttar og respekterer urfolk sine rettar, slik dei er felt ned i
133 internasjonale avtalar som Noreg er tilslutta. Desse rettane må ligge til grunn for
134 miljøpolitikken i både Noreg og andre land.

135

136 Noreg må vere ein pådrivar og støtte opp om internasjonale miljømål og -avtalar, og
137 omsynet til natur og miljø må ligge til grunn i alt utviklingsarbeid. Samarbeid med og støtte
138 til det sivile samfunnet, inklusive miljøørsla, må vere ei viktig prioritering i Noreg sin
139 internasjonale innsats. Norske investeringar i utlandet må bidra til å sikre ei miljøvenleg
140 utvikling. Miljømessige og sosiale krav som gjeld for norske fleirnasjonale verksemder må òg
141 gjelde for aktiviteten deira i utlandet når det norske regelverket er strengare.

142

143 3.1 Vern om naturmangfaldet

144 Naturen er grunnlaget for alt liv på jorda. Ikkje berre er menneske og dyr avhengige av
145 naturen og tenestene den yter. Naturen har også verdi i seg sjølv. Vi må derfor sikre den
146 uerstattelege rikdomen av plantar, dyr og andre organismar – på land og til havs - for notid
147 og framtid.

148

149 Tapet av naturmangfald må stansast. Sunn økologisk tilstand må vere forvaltningsprinsippet
150 for all natur, også den delen av naturen som gjennom historia har vorte påverka av
151 menneskeleg aktivitet. Dette inneber å ta vare på artane, med deira genetiske variasjon og
152 dei leveområda som organismane treng for å trivast og fylle sine økologiske funksjonar.
153 Dette krev både vern av utvalde areal samt ei langsiktig forvaltning av naturverdiar som ikkje
154 er verna ved lov. Det er uakseptabelt å oppheve eller endre vern av naturområde, slik at
155 naturomsyn må vike for andre, meir kortsiktige samfunnsinteresser. Ein må også hindre
156 innføring og spreiding av ikkje stadeigne artar og genmodifiserte organismar som kan vere eit
157 trugsmål mot lokale plante- og dyreartar. Det må ikkje gis subsidiar som bidreg til
158 øydelegging av verdifull natur.

159

160 Naturen må vere grundig kartlagt og kunnskapen må oppdaterast kontinuerleg for å
161 mogleggjere ei kunnskapsbasert forvaltning. Denne kunnskapen må omfatte naturen sine
162 system og samspelet mellom desse samt samspelet mellom naturen sine system og
163 menneska. Der kunnskap ikkje er tilstrekkeleg, må føre-var-prinsippet ligge til grunn. Inngrep
164 kan aldri forsvarast med mangel på kunnskap.

165

166 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 167 • Det må etablerast økologisk representative nettverk av verneområde og utvalde
168 naturtypar for å sikre den økologiske samanhengen over større område. Dette
169 inneberer mellom anna vesentleg vern av skog, våtmarker og marine område. Alle

- 170 verna område må vere sikra mot inngrep som kan gjere skade på naturen i området,
171 og forvaltast aktivt slik at naturmangfaldet blir teke vare på.
- 172 • Menneskeleg aktivitet har ført til sterk reduksjon i inngrepsfrie område i Noreg.
173 Denne utviklinga må stoppast. Dei områda som er att, må bevarast og kartleggast for
174 verneverdige naturverdiar.
- 175 • **[Dissens 2:**
176 **Komiteens fleirtal ønsker følgende formulering:** Det trengs omfattande
177 vassdragsvern for å sikre den unike vassdragsnaturen, og allereie verna vassdrag må
178 få sterkare vern mot fleire påverkingar. God økologisk tilstand må vere eit mål for alle
179 vassdrag.
180 **Komiteens mindretal ønsker følgende formulering:** Attverande urørte vassdrag må
181 vernast, og allereie verna vassdrag må få sterkare vern mot fleire påverkingar. God
182 økologisk tilstand må vere eit mål for alle vassdrag.]
- 183 • Motorisert ferdsle i utmark og vassdrag må haldast på eit minimum, og unyttig
184 køyring må ikkje tillatast. Langs kysten må ein sikre omsynet til sårbar natur og
185 moglegheita for gode naturopplevingar for folk flest.
- 186 • Lokale naturperler og naturområde i folk sine nærmiljø må takast vare på. Omsyn til
187 desse områda si betydning for livskvalitet og helse, både i dag og i framtida, må
188 vektleggast tungt. Bymarker bør vere verna med lov og ha faste byggegrenser.
- 189 • **[Dissens 3:**
190 **Komiteens fleirtal ønsker følgende formulering:** Rovdyra høyrer heime i norsk natur,
191 og å verne om desse og areal som sikrar deira overleving også på sikt, er ein del av
192 det å ta vare på naturmangfaldet og økosystema. Myndighetene må sikre
193 førebyggjande innsats for å redusere tap av beitedyr og for å redusere påkjenninga
194 for råka næringar og lokalsamfunn.
195 **Komiteens mindretal ønsker følgende formulering:** Rovdyra høyrer heime i norsk
196 natur. Dei må få halde revir i høve til vedtekne bestandsmål i område som ikkje
197 samstundes nyttas til aktivitet som kan utgjere trugsmål mot dei, t.d. sauehald, jakt
198 med laushund og busetnad. Økonomiske stønads- eller erstatningsordningar kan
199 ikkje nyttast som konfliktdempande tiltak for å kunne halde t.d. sau og ulv i same
200 område.]
- 201 • Som ein stor hav- og kystnasjon må Noreg vise omsyn til naturmangfaldet i havet i
202 reguleringa av våre marine næringar. Naturmangfaldslova må gjelde alle norske
203 havområde.

204

205 3.2 Stopp dei farlege klimaendringane

206 Forbruk av fossile brensel, avskoging og anna menneskeleg påverknad har ført til endringar i
207 klimaet på jorda. Klimaendringane har alvorlege konsekvensar både for oss menneske og for
208 resten av naturen. Livsgrunnlaget for mange menneske, og særleg for verdas fattigaste, blir
209 øydelagt, og store delar av naturmangfaldet står i fare for å forsvinne.

210



211 For at vi skal unngå dei mest alvorlege konsekvensane av klimaendringane, kan ikkje den
212 globale temperaturen stige meir enn 1,5 gradar over førindustrielt nivå. Det betyr i praksis at
213 alle klimagassutslepp frå fossil energi og avskoging må stansast så raskt som mogleg.

214
215 Alle land må omstillast til samfunn som praktisk talt er utan bruk av fossil energi, og som
216 byggjer opp att karbonlagera i naturen. Ettersom det er dei rike landa som har det historiske
217 ansvaret for klimakrisa, må dei derfor finansiere hovuddelen av omstillinga også i fattige
218 land. Ei rettferdig omstilling inneber at ein må ta omsyn til og sikre rettane også til dei
219 menneska og folkegruppene som er særleg sårbare eller utsette ved større
220 samfunnsendringar.

221
222 Omstillinga til det klimavennlege samfunnet må skje på naturen sine premiss. Dette inneber
223 at vi bruker naturen sine egne mekanismar til å lagre karbon, redusere klimagassutslepp og
224 tilpasse oss klimaendringar. Intakt og robust natur verkar i seg sjølv som buffer og vern mot
225 klimaendringar og er dermed avgjerande for samfunnet sitt møte med eit endra klima.

226

227 **Naturvernforbundet meiner at:**

228 • Noreg må fase ut egne utslepp av klimagassar, i tråd med sitt historiske ansvar. Som
229 oppfølging av Paris-avtalen må Noreg kvart femte år melde inn stadig strammare mål
230 for å redusere egne klimagassutslepp, i tillegg til å finansiere klimatiltak i fattige land.

231 • Målet om å skape eit klimavennleg samfunn må leggje rammene for all sektorpolitikk,
232 slik at alle samfunnssektorane blir omfatta av verkemiddel som sikrar varige
233 reduksjonar i klimagassutsleppa.

234 • Arbeidet for å tilpasse samfunnet til uunngåelege klimaendringar må styrkast.
235 Naturen må forvaltast slik at økosystema blir mest mogleg robuste og i størst mogleg
236 grad evnar å tilpasse seg eit klima i endring.

237 • Rike land som Noreg må ta eit særleg ansvar for å bidra til reduksjon av utslepp og
238 sikre klimatilpassing i fattige land. Internasjonal kvotehandling og andre internasjonale
239 tiltak må sikre reelle utsleppskutt og samstundes ivareta menneske og natur, og må
240 kome i tillegg til nasjonale utsleppsreduksjonar.

241

242 **3.3 Berekraftig ressursbruk**

243 Vi må ta vare på den biologiske produksjonsevna, som er grunnlaget for livet på jorda og
244 sikre denne også for framtidige generasjonar. Dette inneber at vi må vere varsame når
245 ressursar blir henta ut av naturen og at desse ressursane må gå inn i ein krinslaup og brukast
246 om att slik at vi held uttaket frå naturen og avfallsstoffa vi etterlet oss, så lågt som råd.

247

248 Utslepp til luft, jord eller vatn som ikkje naturen klarer å bryte ned – eller som kan verke
249 skadeleg for menneske, dyr eller plantar – må hindrast. Plastsøppel i naturen er eit stort
250 problem. Miljøgifter og plast må erstattast av stoff som ikkje gjer skade på naturen, og der
251 slike stoff allereie er slept ut i naturen, må det ryddast opp av omsyn til naturmangfaldet,
252 menneske si helse og naturen si evne til å gje rein luft, mat og vatn.

253

254 Bruk av land og hav til produksjon av mat, fiber, energi og andre varar må innrettast slik at
255 folk får dekkja dei grunnleggjande behova sine utan å øydelegge grunnlaget for å forsyne
256 framtidige generasjonar. Når vi forbruker varar produsert utanfor landet, må vi vurdere heile
257 produksjonskjeda, slik at den samla miljøpåverknaden blir teken med i rekneskapen.

258

259 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 260 • Bruk av miljøgifter må vere strengt regulert, når det gjeld både innanlandsk bruk og
261 import av varer som inneheld eller er produsert ved hjelp av giftige stoff.
262 Skadeverknader av tidlegare utslepp av miljøgifter må kartleggast og minimerast.
- 263 • Prisen på bruk av ressursar må reflektere dei reelle kostnadane ressursuttaket har for
264 miljø og menneske. Dette kan bli oppnådd gjennom avgifter som sikrar at
265 miljøpåverkar betaler, eller gjennom reguleringar som legg avgrensingar på
266 ressursbruken.
- 267 • Bruken av plast må reduserast. Miljøvenlege alternativ må takast i bruk, og det
268 må ryddast opp i plastforureininga til havs og til lands.

269

270

271 4 Miljøvern i praksis

272

273 4.1 Primærnæringane

274 Matproduksjonen, både på land og til havs, må skje på ein måte som gjer at vi klarar å dekke
275 menneska sine næringsmessige og kulturelle behov, bevarer naturmangfaldet og ikkje
276 svekker verda sine framtidige moglegheiter for å produsere mat. Det krev at menneska
277 baserer kosthaldet sitt på matvarer med lågt energi- og ressursforbruk, og at haustinga av
278 ressursar skjer på ein skånsam måte for naturen. Omsynet til at menneske verda over skal
279 ha nok mat, må ligge til grunn for kor og korleis vi produserer mat, og korleis ressursane blir
280 fordelt. At det skal vere nok mat også for framtidige generasjonar, må ligge til grunn for i kva
281 omfang og korleis vi hentar ut matressursar, enten det er på land eller frå havet. Bruken av
282 skadelege stoff i jordbruk, skogbruk og fiske må haldast på eit minimum og på sikt fasast ut.

283

284 Det er viktig å oppretthalde og styrke matproduksjon i heile landet. Dette for å sikre mat til
285 eiga befolkning, minske transportbehovet og for å ivareta busetnad, utmark og
286 kulturlandskap med det tilhøyrande naturmangfaldet.

287

288 Når vi hentar materiale frå norske skogar, må omsynet til naturmangfaldet og anna framtidig
289 nytte av skogressursane ligge til grunn for mengda ressursar som blir henta ut, og måten det
290 blir gjort på.

291

292 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 293 • Patent på levande organismar eller naturleg førekomande biologisk materiale må
294 ikkje tillast.

□

- 295 • Genmaterialet i levende organismar er ikkje eigedomen til nokon og må ikkje endrast
296 på. Primærnæringane må ikkje nytte veksthormon eller genmodifiserte dyr eller
297 plantar.
- 298 • Risikoen for alvorlege smittesjukdomar må reduserast både ved tiltak heime og
299 gjennom importrestriksjonar.
- 300 • Fiskeoppdrett og kjøtproduksjon må i minst mogleg grad baserast på fór som kan gå
301 til menneskemat, eller som har negative fylgjer for miljøet eller for global fordeling av
302 naturressursar.
- 303 • Norsk landbruk må basere seg på lokale og miljøvenlege ressursar, og bruken av
304 energi, plantevernmidlar og kunstgjødsel må vere så lågt som mogleg.
- 305 • Dyrka og dyrkbar jord må haldast i hevd og bevarast for matproduksjon.
- 306 • [Dissens 4:
307 ***Komiteens fleirtal ønsker ikkje å leggje til noko nytt kulepunkt om rovdyr her.***
308 ***Komiteens mindretal ønsker å leggje til følgande kulepunkt, i kombinasjon med***
309 ***alternativt kulepunkt knytt til rovdyr under kapittel 3.1:***
310 Utanfor dei definerte reviområda for dei einskilde artar rovdyr er det rovdyra som
311 må vike for interesser knytt til primærnæring, jakt og busetnad.]
- 312 • Fiskeressursane er viktige for matforsyninga i verda og må forvaltast slik at dei varer
313 evig. Fiskeria må ta vare på primærproduksjonen i havet og dei lågare ledda i
314 næringskjedene.
- 315 • Havet og fiskeressursane må vere underlagt nasjonal og internasjonal kontroll, og det
316 må sikrast at fisken er eigd og forvalta av fellesskapet. Særleg må fiskeressursane
317 kome kystsamfunna til gode, og urfolksrettar må ivaretakast.
- 318 • Oppdrett må skje i lukka anlegg og ikkje forringe miljøet i dei hav- og fjordområda der
319 verksemda går føre seg. Dersom ikkje oppdrettsverksemda kan drivast utan ureining
320 og sjukdomsspreiing eller på ressursar som ikkje skadar naturmangfald eller
321 ressurstillfang andre stader, må omfanget av oppdrettsnæringa reduserast.
- 322 • [Dissens 5:
323 ***Komiteens fleirtal ønsker følgande formulering:*** Skognæringa må operere innanfor
324 rammer som sikrar naturmangfald, friluftsliv og karbonbinding. Skogbruket må
325 drivast basert på utvalshogst og naturleg forynging. Hogst må berre skje etter søknad
326 og etter kartlegging av natur- og friluftsverdiar.
327 ***Komiteens mindretal ønsker følgande formulering:*** Skogen si rolle som
328 karbonbinder, arena for opplevingar og leveområde for dyr må vere overordna
329 omsynet til skognæringa.]
- 330 • Skogsressursar er eit knappleiksgode og må brukast der dei gjev størst reduksjon av
331 klimagassar. Tømmer og tre skal prioriterast som bygningsmateriale, og
332 avfallsressursar kan gå til andre føremål som gjev høg utnytting av ressursane, som
333 lokal varmeproduksjon og ulike industriføremål.

334

335 **4.2 Energi**

336 [Dissens 6:

337 **Fleirtalet i komitéen ønsker kapittel 4.2 og 4.3 slik dei er formulert i det følgande.**

338 **Komiteens mindretal ønsker eit kombinert kapittel «4.2 Energi og Industri», som er vist**

339 **etter fleirtalet sitt forslag. Nummereringa i overskriftene i resten av kapittelet vil – dersom**

340 **dette blir vedteke – bli oppdaterte.**

341

342 Menneska treng energi, og den må vere fornybar, brukast effektivt, produserast og
343 transporterast utan å skape ureining eller uopretteleg skade på naturmangfaldet. Vi må
344 nytte rett energiform til ulike bruksområde og vi må effektivisere sjølve energibruken. Det
345 inneber også at vi må gjere ei omlegging av energibruken, slik at fossil energibruk blir
346 redusert og erstatta av fornybar energi.

347

348 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 349 • Det samla energiforbruket må reduserast og bli mest mogleg effektivt.
350 Energieffektivisering og -sparing må premierast gjennom eigna verkemiddel. Det må
351 stillast strenge krav til energibruk i bygningar. Desse krava må strammast inn med
352 jamne mellomrom, slik at bygg og anlegg i størst mogleg grad er sjølvforsynt med
353 energi, med lågt energiforbruk og ressursfotavtrykk i eit livsløpsperspektiv.
- 354 • Norsk olje- og gassverksemd må trappast ned og gradvis fasast ut ved at det ikkje
355 opnast for leiting og utvinning av olje og gass i nye område. Barentshavet, havområda
356 utanfor Lofoten, Vesterålen og Senja, Skagerrak, Mørebasenget og kystnære
357 område må bli gitt ei særskilt og varig vern mot olje- og gassverksemd.

358 • [Dissens 7:

359 **Komiteens fleirtal ønsker følgande kulepunkt:** Ny fornybar energi må verke til å
360 redusere forbruket av fossil energi. Samstundes med energisparing må Noreg satse
361 på ny fornybar energi, slik som bio- og solenergi, bølge- og vindkraft og geovarme.
362 Ved all utbygging må det takast særskilt omsyn til naturmangfald, folkehelse og
363 landskap.

364 **Komiteens mindretal ønsker følgande kulepunkt:** All energien vi bruker, må vere
365 fornybar. Potensialet for å frigjere fornybar energi gjennom energieffektivisering må
366 vere hovudgrunnlaget for å erstatte all fossil energi med fornybar. Ny fornybar
367 energiproduksjon for å fullføre utfasinga av fossil energi skal berre etablerast i
368 område med eksisterande busetnadar eller verksemdar, og skal ikkje koma i konflikt
369 med naturmangfaldet.]

370 • [Dissens 8:

371 **Komiteens fleirtal ønsker følgande formulering:** Overføringsnett til andre land skal
372 ha som mål å bidra til meir effektiv og fornybar energibruk, ikkje omfattande eksport
373 av straum. Kraftutveksling med andre land bidreg til god utnytting av kraftressursane
374 og reduserer behovet for reservekraft og tilhøyrande naturinngrep og
375 klimagassutslepp. Fordi transport av kraft inneber energitap og kan gje betydelege

□

376 naturinngrep, bør det vere eit mål å utnytte energiresursane nær der dei oppstår,
377 og til fortrenging av fossil energibruk i Noreg og i utlandet.

378 **Komiteens mindretal ønsker følgende kulepunkt:** Overskot av fornybar energi bør bli
379 prioritert til å vidareutvikle norsk industri framfor å bli eksportert. Ytterlegare
380 utviding av eksportkapasitet for elektrisitet kan hindre energieffektiv og miljømessig
381 god norsk produksjon av energikrevjande produkt.]

382 • Atomkraft inneber ein så stor fare for miljø og menneske i samband med produksjon
383 og avfallshandtering at det er ei uakseptabel energikjelde. Det må derfor ikkje
384 byggjast nye atomkraftverk i Noreg, og Halden-reaktoren må leggjast ned. Noreg må
385 arbeide for å sikre atomavfallet i norske nærområde.

386 • Ujamn tilgang til, og lite effektiv bruk av, energi er med på å oppretthalde den skeive
387 måten velstand er fordelt på globalt. Internasjonal bistand må i større grad rettast
388 inn mot å nå dei fattigaste med desentraliserte tiltak for energieffektivisering og bruk
389 av fornybar energi.

390

391 **Dissens 6 fortset:**

392 **Mindretalets forslag til eit kombinert kapittel 4.2 Energi og industri:**

393 **4.2 Energi og industri**

394 Menneska treng energi, og den må vere fornybar, brukast effektivt, produserast og
395 transporterast utan å skape ureining eller uoppretteleg skade på naturmangfaldet. Vi må
396 nytte rett energiform til ulike bruksområde og vi må effektivisere sjølve energibruken. Det
397 inneber også at vi må gjere ei omlegging av energibruken slik at fossil energibruk blir
398 redusert og erstatta av fornybar energi.

399

400 Energiforbruk har nær samanheng med anna ressursbruk, miljøpåverknad, levestandard og
401 livskvalitet for den enkelte og for samfunnet totalt. Noreg sitt energiforbruk er ikkje
402 berekraftig i eit globalt perspektiv. Som storprodusent av fornybar energi, og som eit land
403 som har tent mykje på fossil energiproduksjon, må Noreg bidra til ei jamnare global
404 fordeling av dei goda energiproduksjon gjev. Dette kan mellom anna bety eksport av
405 overskot av elektrisk kraft og industrivarer framstilt ved hjelp av denne.

406

407 Utviklinga av industrien er viktig for å oppnå eit samfunn i balanse med naturen, når det
408 gjeld både klimagassar, ressursbruk, forureining og naturinngrep. Dette krev at industrien er
409 energieffektiv, har god ressursutnytting og i størst mogleg grad er grunnlagt på fornybare og
410 lokale eller gjenvunne ressursar, har minimale utslepp av alle typar forureining og minimale
411 naturinngrep i alle ledd av produksjonen. Myndighetene må bidra til dette gjennom
412 reguleringar, forskingsinnsats og økonomiske tiltak, men industrien sjølv har òg eit ansvar
413 for å sikre ei miljøvenleg vidareutvikling av eiga verksemd.

414

415 **Naturvernforbundet meiner at:**

416 • Norsk olje- og gassverksemd må trappast ned og gradvis fasast ut ved at det ikkje
417 opnast for leiting og utvinning av olje og gass i nye område.

- 418 • Fossil energibruk må erstattast av fornybar energi for å gi tilstrekkeleg store
419 reduksjonar i klimagassutslepp, i samband med CO₂-fangst frå punktutslepp.
- 420 • Ny fornybar energi må verke til å redusere forbruket av fossil energi.
- 421 • Atomkraft inneber ein så stor fare for miljø og menneske i samband med produksjon
422 og avfallshandtering at det er ei uakseptabel energikjelde.
- 423 • Ujamn tilgang til, og lite effektiv bruk av, energi er med på å oppretthalde den skeive
424 måten velstand er fordelt på globalt. Internasjonal bistand må i større grad rettast
425 inn mot å nå dei fattigaste med desentraliserte tiltak for energieffektivisering og bruk
426 av fornybar energi.
- 427 • Forureinaren-skal-betale-prinsippet må utvidast, slik at verksemder får ansvar for og
428 forpliktingar knytte til skadar årsaka av verksemda og produkta deira.
- 429 • Satsing på sjølvberging av mat, og ein fiskeripolitikk som sikrar levering til lokale
430 fiskemottak og industri, er vesentleg for å utvikle og oppretthalda ein norsk
431 matvareindustri basert på kortreiste råvarer.]

432

433 4.3 Industri

434 Utviklinga av industrien er viktig for å oppnå eit samfunn i balanse med naturen, når det
435 gjeld klimagassar, ressursbruk, forureining og naturinngrep. Dette krev at industrien er
436 energieffektiv, har god ressursutnytting og i størst mogleg grad er grunnlagt på fornybare og
437 lokale eller gjenvunne ressursar, har minimale utslepp av alle typar forureining og minimale
438 naturinngrep i alle ledd av produksjonen. Myndighetene må bidra til dette gjennom
439 reguleringar, forskingsinnsats og økonomiske tiltak, men industrien sjølv har òg eit ansvar
440 for å sikre ei miljøvenleg vidareutvikling av eiga verksemd.

441

442 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 443 • Forureinaren-skal-betale-prinsippet må utvidast, slik at verksemder får ansvar for og
444 forpliktingar knytte til skadar årsaka av verksemda og produkta deira.
- 445 • Ny etablering av industri og bergverk må berre skje der det kan sikrast at dette ikkje
446 fører til forureining eller til andre verknader som skadar naturmangfaldet og
447 tradisjonell bruk av området.
- 448 • Det må utviklast alternativ materialproduksjon til erstatning av miljøskadelege
449 material og deira råstoff.
- 450 • Alle typar industri og byggeverksemd, inkludert gruver, skal ha null avfall som mål.
451 Restmassar og avfall skal prioriterast til produksjon og byggje- eller anleggsformål
452 framfor bruk av nye råvarer og må ikkje deponerast i sårbare naturområde.
- 453 • Der det er teknisk mogleg, skal gruvedrift gjerast under jorda framfor i dagbrot. Det
454 må òg vere forbod mot å sleppe industriavfall i sjø eller fjordar, og gruvedrift på
455 havbotnen må ikkje tillast.
- 456 • Fangst og lagring av CO₂ frå punktutslepp må takast i bruk for å redusere
457 klimaforureining frå industrien.

□

- 458 • Kysten må ha eit sterkt og førebyggjande oljevern, med rask responstid og beredskap
459 også for alvorlege ulykker under vanskelege forhold.
460

461 4.4 Transport

462 All transport påverkar miljøet ved at det krev forbruk av energi, legg beslag på areal og fører
463 til uønskte konsekvensar i form av forureining, støy og ulykkesrisiko. Store
464 infrastrukturprosjekt, og særleg vegutbyggingar, legg til rette for auka trafikk og gjev store
465 negative konsekvensar for natur, friluftsområde og matjord. Dette gjer at vi må ta i bruk
466 fleire verkemiddel, slik at transportbehovet blir redusert og at den naudsynte transporten
467 blir gjort med låg miljøpåverknad.

468
469 Betre planlegging av regionar, byar, tettstader og ulike samfunnsfunksjonar er avgjerande
470 for ikkje å auke behovet for transport generelt, og spesielt for å unngå å leggje til rette for
471 meir privatbilisme. Vidare må kollektive løysingar utformast slik at dei gjev folk reelle
472 alternativ til bilkøyring og flytransport. Samstundes må miljøvennlege teknologiar
473 prioriterast og leggst til rette for, slik at den transporten samfunnet treng, skjer med så låg
474 miljøpåverknad som mogleg.

475

476 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 477 • Byar og tettstadar må fortettast og byggjast ut med mål om minst mogleg
478 transportbehov, på ein måte som tar vare på grønne lunger, samstundes som det blir
479 lagt til rette for syklande og gåande. Også i den overordna samfunnsplanlegginga,
480 enten det gjeld transport av varer eller plassering av viktige samfunnsfunksjonar, må
481 målet vere å redusere transportbehovet.
- 482 • Kollektivtilbodet må vere godt, både for daglege reiser til arbeid og fritidsaktivitetar
483 og for lengre reiser. Dette inneber både korte reisetider, tilstrekkeleg mange
484 avgangar og stor kapasitet. Jernbanen må vere utbygd for å ta unna langt større delar
485 av transporten som i dag går med privatbil, fly og lastebil. Ekspressbuss er eit viktig
486 supplement der det ikkje går tog. Sjøfrakt må vere eit miljøvenleg og attraktivt
487 alternativ til lastebil.
- 488 • Vegkapasiteten må ikkje utvidast, og vegutbyggingar som gjev meir trafikk og store
489 arealinngrep, må ikkje realiserast. Trafikktryggingstiltak må gjennomførast utan at
490 dette aukar den samla kapasiteten på vegen eller styrkar vegtransporten si
491 konkurransekraft. Miljøutfordringane frå flytrafikken tilseier òg at trafikken og
492 flyplasskapasiteten ikkje kan aukast.
- 493 • Noreg bør, nasjonalt og internasjonalt, støtte utvikling av ein mest mogleg
494 miljøvenleg transportsektor, med auka energieffektivitet, redusert ressursforbruk og
495 redusert miljøpåverknad. Dette inneber både at forskning på betre teknologiar for
496 private og kollektive løysingar må støttast, og at ein må motivere til at desse
497 løysingane blir tatt i bruk. Hovudstrategien for ny teknologi må vere løysingar som
498 reduserer energibehovet og elektrifiserer mest mogleg av transportsektoren.
499 Resterande energibehov må dekkast av fornybart drivstoff med lågt klima- og
500 ressursforbruk.

- 501 • For å avgrense transportmengda og utnytte transportmidla betre, må transport
502 flyttast til dei minst miljøskadelege transportformene, og ny og betre teknologi må
503 takast i bruk. Det betyr blant anna at miljøavgiftene må vere høge, både på transport
504 innan og over landegrensene.

505

506 4.5 Forbruk, avfall og handel

507 Mange av varene vi forbruker, er ressurskrevjande og miljøskadelege. For å redusere
508 miljøpåverknaden av forbruket vårt må vi forbruke mindre, samstundes som varene vi
509 bruker, må vere miljøvennlege og lette å attvinne. For å redusere miljøpåverknaden frå
510 transport er det eit mål å produsere varer nært forbrukarane når ressursgrunnlaget tilseier
511 det.

512

513 Å ta hand om avfall vil alltid gje forureining eller anna miljøpåverknad. Derfor må
514 avfallsmengda gjerast minst mogleg, og vi må sjå avfall som ein ressurs – ikkje som søppel.
515 Det må leggest til rette for ombruk, i tillegg til resirkulering og attvinning av produkt og
516 materiale. Der dette ikkje er mogleg, bør forbrenning av avfall skje med energiattvinning.

517

518 **Naturvernforbundet meiner at:**

- 519 • For å redusere forbruk og avfallsmengde må produkt vere produsert for å vare lengst
520 mogleg, vere lette å reparere og brukast om att og enkle å resirkulere. Alt avfall skal i
521 utgangspunktet bli resirkulert eller gjenvunne.
- 522 • Alt farleg avfall må samlast inn og handsamast på ein miljømessig forsvarleg måte.
- 523 • Nye kjemikaliar må ikkje tillatast før det er dokumentert at dei ikkje kjem til å
524 oppkonsentrerast i næringskjeda, eller at det ikkje gjer alvorleg skade på levande
525 organismar.
- 526 • Det må stillast strenge miljøkrav ved innkjøp og avfallshandsaming, så vel til private
527 hushald som til offentleg og privat verksemd.
- 528 • Det offentlege må vere ein spydspiss når det gjeld innkjøp og forbruk av
529 miljøvennlege produkt og tenester.
- 530 • Internasjonale miljøavtalar må bli overordna i høve til handelsavtalar.

531